



LEARNING BY DOING: Jan Askvik opererer, moldovske legar observerer og lærer. (Alle foto: Kåre Ness)

Norsk hjelp gir håp i Moldova

I ti år har Hjelp Moldova gitt nytt håp for synshemma i det fattige landet.

ATLE VAAGE
atle@nordhordland.no

Hjelp Moldova har hatt gode støttespelerar i Nordhordland gjennom mange år. Synsprosjektet er i tillegg gjort mogleg takka vera augekirurg Jan Askvik. Ei veke for året tek han fri jobben frå Bergen Øyelegesenter, og reiser til Moldova for å operera grå stær på pasientar og samstundes undervisa og rettleia sine moldovske kollegaer.

Undervisning og hjelp

Undervisninga går parallelt med omfattande hjelp. Mellom anna er alt utstyr på universitetssjukhuset Municipal i hovudstaden Chisinau, gåver frå Norge. Hjelp Moldova lånar tre tilsette på eit synssenter, og yter dessutan anna hjelp til folk i landet kombinert med Askvik sine turar.

– Når eg er her og jobbar finn eg mellom anna att utstyr eg har nytta heime i Bergen, fortel kirurgen til Hjelp Moldova si heimeside.

– Utstyret er av god kvalitet, og gjer verkeleg nytte for seg, sjølv om det ikkje er av heilt nyaste dato, seier han.

No i mars har ei gruppe vore i landet, og Askvik underviste



FØRELESING: Askvik føreles for moldovske spesialistar. Nærmast Askvik sit professor Cusnbir som er landets framste aunespesialist.



KJEND FORFATTAR: Spiridon Vangheli hadde med to bøker i gåve til Jan. Han er ein internasjonalt kjend barnebokforfattar.



STRIKESOKKAR: Glade barn på barneheim med strikkesokkar frå Nordhordland.

mellom anna om lag tretti spesialistar frå heile Moldova.

Verdskjend forfattar

På turen opererte dessutan den norske kirurgen den verdskjende barnebokforfattaren Spiridon

Vangheli. Den no åtti år gamle forfattaren burde vore operert for lenge sidan, slik tilfellet er for svært mange i landet. Hans bøker er omsett til 30 språk, og han er nominert til den prestisjetunge Astrid Lindgren-prisen 2012.



NORSK UTSTYR: Petru Ghenov 14 år jobbar med noko av utstyret som er kome frå Norge.

I Moldova er synshemma sett på som annanrangs. Brillar kan vera billetten inn til eit vanleg liv for eit barn. Dei siste åtte åra har aksjonen hjelpt 4 000 barn med synshemming i Moldova, og 9 sjukehus har fått moderne utstyr

og undervisning for kirurgar. Alt arbeid alle norske gjer i aksjonen er dugnad, og ingen av pasientane må betala noko. Aksjonen er heile tida ute etter nye givarar, informasjon finst på heimesida.